

# Årsplan 2021

## Organisasjon og ressursar

### Mål 1:

Vidareutvikle samarbeidet med senteret sine sentrale eksterne partnrar

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Arbeide tett opp mot KD og Udir for at læringsmiljø og mobbing framleis skal vere nasjonale satsingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Oppretthalde kontakten med Udir</li> <li>– Delta i møter og konferansar initiert av Udir/KD</li> </ul>	<b>Senterleiar</b> <b>Senterleiar</b> <b>Avdelingsleiar</b>
Arbeide strategisk mot KD og Udir for å oppretthalde den nasjonale statusen vår	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Respondere på relevante høyringar</li> <li>– Gjere greie for kva moglegheiter ein har for å ha ein kontakt inn mot KD</li> </ul>	<b>Senterleiar</b>

### Mål 2:

Styrke og tydeleggjere senteret sin posisjon overfor fakultetet og UiS sentralt

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Arbeide strategisk mot fakultetet og UiS sentralt for å oppretthalde den nasjonale statusen	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Nytte aktivt alle høve til å verte synleggjort i den pågåande prosessen med å utarbeide handlingsplan basert på ny UiS-strategi, samt fakultetsstrategi</li> </ul>	<b>Senterleiar</b>
Arbeide for at spisskompetansen til senteret vil prege grunn- og vidareutdanningane på fakultetet	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Følgje opp dekanen sitt initiativ når det gjeld sentra si bruk av undervisningsressursane inn mot studiane på fakultetet</li> <li>– Representere senteret i dei aktuelle fora som utdanningsleiar</li> </ul>	<b>Senterleiar</b> <b>Utdanningsleiar</b>
Initiere fleire forskings- og utviklingsprosjekt i samarbeid med andre fakultet, institutt og sentre	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Nytte oss av nye relevante utlysingar og høve</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b>

### Mål 3:

Vidareutvikle organisasjonsstrukturen vår

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Utarbeide ny strategi- og handlingsplan	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Slutføre sommaren 2021</li> </ul>	<b>Leiinga</b>
Oppretthalde og setje i verk tiltak for auka synergi mellom vitskapeleg arbeid og administrasjon, i samsvar med UiS sin todelte leiarstruktur	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Nytte høvet knytt til tilsetjing av nye administrativt tilsette på bakgrunn av nye prosjekt</li> </ul>	<b>Leiinga</b>

**Mål 4:**

Gjere greie for samarbeidsrutinar og rolleavklaringar for å sikre at vi har bemanning som gjev optimal utvikling for senteret

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Setje i verk karriereplanlegging for den einskilde tilsette, og tilby rettleiing for tilsette som ynskjer å kvalifisere seg	– Følgje opp den einskilde tilsette	Leiinga

**Mål 5:**

Vidareutvikle senteret sitt HMS-arbeid for å oppretthalde eit godt psykososialt miljø, både på den einskilde avdeling og på tvers av avdelingane

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Vidareføre ordninga med to felles personalsamlingar pr studieår	– Gjennomfører to seminar, eitt i juni og eitt i desember	Leiinga
Oppfordre til sosialkomitear på begge avdelingane	– Følgjast opp i kvar avdeling	Leiinga Verneombod
Integrere stipendiatane i senteret sine aktivitetar	– Brown Bag – Avdelingsmøter og seminar	Leiinga Verneombod
Gje tilbod om digital-overføring av føredrag, framlegg, etc. der det er mogleg og kan ha felles interesse	– Brown Bag - Porsgrunn	Leiinga

**Mål 6:**

Oppretthalde og styrkje finansiering via ekstern verksemd

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Vurdere revisjon av kompetanseutviklingstilboda og gjere dei godt kjende blant aktuelle oppdragsgjevarar	– Må reviderast med tanke på partnerskapsprinsippet i dei nasjonale ordningane.	Leiinga Kommunikasjon
Inngå fleire langsiktige partnerskap knytt til DEKOM og REKOM, samt Kompetanseløftet	– Respondere positivt på førespurnadar når det er innanfor vårt fagfelt – Vere aktiv formidlar av senteret si verksemd i møte med praksisfeltet	Leiinga Alle tilsette
Levere gode søknadar til forskingsprosjekt som kan gje ekstern finansiering	– Leverer søknadar på aktuelle utlysingar etter nøye vurdering knytt til kapasitet	FoU-leiar

**Mål 7:**

Ha gode lokale på begge avdelingar, og nærleik til viktige samarbeidspartnarar

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Auke talet på kontor i Stavanger	– Overta ledige lokal i R-gang 3. etasje for stipendiatbruk	Leiinga

Ha tilgjengeleg kontorplass for stipendiatar, tilsette frå Porsgrunn, m.fl. i Q-fløyen	– Minst eitt kontor tilgjengeleg	Leiinga
Arbeide for ein samlokalisering med sentra på fakultetet	– Følgje opp prosessen med Campusutviklingsplanen	Leiinga

## Formidling og kommunikasjon

### Mål 1:

Vi er proaktive og deltek aktivt i faglege diskusjonar i media og på sosiale medium.

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Sørgje for at forskinga vert godt formidla til offentlegheita. Auke talet publiserte artiklar på “forskning.no”.	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Eiga forskingsoversikt (planner) i eige “teams” vert jamleg oppdatert med pårekna publiserte artiklar og ein plan om kva forskingsartiklar og prosjekt som skal verte omtala kor og når</li> <li>– Ein eigen forskingsformidlingsstrategi vert halde ved like. Denne inneheld føreslag til konkrete tiltak og mål - til dømes auke talet artiklar som vert publisert på “forskning.no”. I 2020 vart det publisert 14 artiklar samanlikna med 9 året før. Målet for 2021 er å halde oppe talet artiklar - og dersom mogleg - auke det.</li> </ul>	<p>KK FoU-leiar Forskningsgruppe-leiarar</p> <p>KK FoU-leiar</p>
Gjennomføre medietrening-workshoper og formidlingskurs. Kommunikasjonsgruppa tilbyr støtte til dei tilsette som ynskjer “prepping” før intervju og hjelp til å lese igjennom sitatsjekk osv. samt følgjer med kor ofte dei tilsette er ute i media.	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Gjennomføre medietrening-workshop 1 gong i semesteret for avdeling Porsgrunn og 2 gonger i semester for avdeling Stavanger</li> <li>Hjelpe å “preppe” dei vitsskapelege før intervju</li> <li>– Handtere media</li> <li>– Vurdere å tilby skrivekurs for dei vitsskapeleg tilsette med tips og råd om korleis skrive kronikk</li> </ul>	Kommunikasjon Vitskapeleg tilsette
Lage “Nyheitssendingar” med formidling av forskning knytt til aktuelle tema - samarbeid med Lesesenteret, UH-fakultetet og Fjernsyns- og multimedieproduksjonsstudiet ved UiS	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Planlegge og gjennomføre 3-4 sendingar i semesteret</li> <li>– Knytt til aktuell forskning og tema</li> <li>– Vil fungere som medietrening for dei tilsette, men også som formidlingskanal når det kjem til forskning og senteret sine kjerneaktivitetar</li> </ul>	Kommunikasjon Vitskapeleg tilsette
Lage podcast med formidling av forskning og diskusjon av aktuelle problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Ta opp 4 episodar kvart semester</li> </ul>	Kommunikasjon Vitskapeleg tilsette
Gjennomføre arrangement under Arendalsuka	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Planlegge og gjennomføre eit arrangement under Arendalsuka 2021</li> </ul>	Leiinga Kommunikasjon Vitskapeleg tilsette
Utarbeide filmressursar knytt til prosjekt, aktuelle tema og hendingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Lage filmar ved førespurnad frå dei tilsette knytt til aktuelle prosjekt og tema</li> <li>– Lage generelle filmar om ulike tematikkar knytt til senteret si verksemd</li> </ul>	Kommunikasjon Vitskapeleg tilsette

## Mål 2:

Tilsette nyttar senteret sin nettstad og relevante sosiale medium for å spreie kunnskap og leie våre målgrupper til nettstaden.

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Populærvitskapelege tekstar vert skrivne til eigen nettstad samt "forskning.no" om alle publiserte vitskapelege artiklar frå senteret	<ul style="list-style-type: none"><li>– Mål og rutinar for arbeid med dette skal først inn i eigen strategi for forskningsformidling</li><li>– Omsetje fleire av artiklane til engelsk og publisere desse på den engelske nettstaden sciencenorway.no og ev. Alphagallileo osv.</li></ul>	<b>Kommunikasjon</b> <b>FoU-leiar</b> Vitskapelege tilsette
Alle større prosjekt og tema senteret jobbar med har ein oppdatert presentasjon på nettstaden	<ul style="list-style-type: none"><li>– Publisere tilstrekkeleg informasjon om alle større prosjekt og tema ved senteret og sørge for at alle sidene er oppdatert</li></ul>	<b>Kommunikasjon</b> Vitskapelege tilsette
Alle tilsette syner til nettstaden når dei er ute på oppdrag/held føredrag	<ul style="list-style-type: none"><li>– Minimum ha med lenkje til nettstaden på siste lysark</li><li>– Gjerne bruke døme frå nettstaden (film, artiklar)</li></ul>	<b>Vitskapelege tilsette</b>
Senteret er tilgjengeleg med oppdatert innhald på aktuelle sosiale medieplattformer. Kommunikasjonsgruppa jobbar kontinuerleg med å auke aktiviteten og talet på følgjarar på sosiale medium.	<ul style="list-style-type: none"><li>– Kommunikasjon publiserer innhald fortløpande på alle SoMe-kontoar for å informere om aktivitetane som skjer på senteret samt halde kontoane interessante for publikum og også rekruttere nye følgjarar</li><li>– Vitskapelege tilsette sender bilete/tekst frå aktuelle oppdrag/konferansar dei deltek på</li><li>– Kommunikasjonsgruppa arbeider med annonsering av studiar, ledige stillingar og så vidare på sosiale medium, i andre medium og på nett - ved behov</li></ul>	<b>Kommunikasjon</b> Vitskapelege tilsette
Oppdatere nettstaden ved behov	<ul style="list-style-type: none"><li>– Oppdatere nettstaden ved behov, samt publisere relevant informasjon</li></ul>	<b>Nettredaktør</b> Kommunikasjon

## Mål 3:

Læringsmiljøsentret utviklar ressursar som gjer fagkunnskapen lett tilgjengeleg samt jobbar med marknadsføring og promotering av senteret.

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Marknadsføring, utarbeiding av materiell og promotering av senteret	<ul style="list-style-type: none"><li>– Lage informasjonsmateriell som t.d. brosjyrar samt bestille roll ups og "gadgets" ved behov</li><li>– Vurdere om vi skal stå på stands på 1-2 relevante konferansar</li></ul>	<b>Kommunikasjon</b>  Kommunikasjon Leiinga

## Oppdragsverksemd og samfunnskontakt

### Mål 1:

Vi har langsiktige avtalar med Utdanningsdirektoratet i arbeidet med trygge og gode barnehage- og skulemiljø

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Læringsmiljøprosjektet	– Prosjektleiarane har jamlege planleggings- og evalueringsmøte av Læringsmiljøprosjektet	Prosjektleiarane
Samlingsbasert tilbod	– Ein tilsett har planleggings- og evalueringsmøte knytt til den samlingsbaserte ordninga. Leiinga deltek ved behov. Deltaking på to samlingar i 2021.	Leiinga Tilsette
Følgje opp ordninga med mobbeombod	– Dialog med Udir undervegs i arbeidet	Leiinga
Antimobbe- /læringsmiljøprogram Bry deg!	– Vidareutvikle konseptet og tilpasse det kompetanseutviklingstilboda ved senteret	Leiinga

### Mål 2:

Vi er i partnerskap om langsiktige kompetanseutviklingstilbod i 15 kommunar/regionar per år

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Partnerskapsavtaler kommunar/regionar.	– Vurdere aktuelle partnerskap. Planlegge tiltak ut frå våre kompetanseutviklingsmodular og barnehagar - og skulebehov, samt pp-teneste. Det vert utforma faglege planar og økonomiske planar. Ein prosjektleiar pr. prosjekt vert oppnemnd.	Leiinga Prosjektleiar
Utvikle digitale ressursar	– Alle prosjekt tek i bruk digitale ressursar, som bruk av film til barnehage- og skulane sine førebuingar, digitale rettleiing og digitale førelesingar	Prosjektleiar Kommunikasjon Tilsette

### Mål 3:

Vi har 3 partnerskapsavtaler med UH-sektoren knytt til Dekom- og Rekom-satsinga, samt Kompetanseløftet

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Leiinga arbeidar for å utvide nettverket og få partnerskapsavtaler med universitet og høgskular i heile landet.	– Delta på aktuelle nasjonale samlingar og nettverksmøte – Ei prosjektgruppe vert satt saman, helst med deltakarar frå både senteret og universitetet vi samarbeider med om oppdraget – Evalueringar vert gjennomført og møter heldt for å tilbakeføre kompetanse til UH-sektoren	Leiinga

### Mål 4:

Vi rettleiar i 6 skular/kommunar i 9A-saker pr. år

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
--------	----------------	-----------

Etablere eit fagteam som arbeider ut mot leiarar i skular	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Gjennomføre ei evaluering av arbeidet rundt 9 A-saker</li> <li>– Vidareutvikle ein kompetanseutviklingsmodul som kan nyttast i slike saker</li> </ul>	<b>Leiinga</b>
---	--	----------------

## Mål 5

Vi gjev kortare kurs/einskildoppdrag for 12 oppdragsgjevarar innan barnehagar og skular per år

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Kurs	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Kvar veke går leiinga gjennom førespurnader som kjem inn til senteret. Leiinga prioriterer og vel kva einskildoppdrag som skal verte prioritert med utgangspunkt i tematikk og kapasitet.</li> </ul>	<b>Leiinga</b> Tilsette
Utvikling av digitale ressursar	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Kvar temagruppe har plan for utvikling av digitale ressursar, primært knytt til filmutvikling. Dette vert prioritert undervegs i løpet av året, der noko vert utvikla for konkrete prosjekt, medan andre ressursar kan nyttast fritt av dei tilsette.</li> </ul>	<b>Temakoordinator</b> Kommunikasjon

## Forsking og utviklingsarbeid

### Mål 1:

Senteret aukar tildelingsgraden ved søknad om større, eksternfinansierte forskingsprosjekt tilsvarande eitt prosjekt pr. forskargruppe

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Spesialisere fleire einskildtilsette i ulike typar søknadar om eksterne forskingsmidlar	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Støtte frå FoU-leiar til to nye prosjektleiarar for utvikling av søknadar om eksternfinansiering februar 2022</li> <li>– Spesialisering einskildtilsette/- forskingsgrupper inn mot ulike program for eksternfinansiering</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b> Forskargruppeleiarane
Etablere prosedyrar for søknadar om eksternfinansierte prosjekt	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Revidere tidslina for innmelding av søknadar tilpassa fakultetet og FIA sine tidsliner og moglegheit for støtte</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b>
Byggje opp eit forskingsstøtteteam for heilskapleg støtte til forskning bestående av: forskingskoordinatorar, kommunikasjonsrådgjevar, økonomikompetanse, administrativ støtte	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Konsolidere forskingsstøtteteamet sitt arbeid</li> <li>– Planlegge strukturar for utvida forskingsstøtte</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b> Kontorsjefar
Systematisk integrere oppdragsverksemd i FoU-	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Temagruppene vurderer moglegheiter innan sitt felt</li> </ul>	<b>Forskargruppeleiarane</b> <b>Temakoordinator</b>

arbeidet der det er naturleg og tenleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Konkretisere område i planar for prosjekt og/eller einskildtilsette sine arbeidsplanar</li> </ul>	
Utvikle spesialkompetanse om planlegging og implementering av utviklingsarbeid som del av innovasjonsprosjekt	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Temagruppene vurderer moglegheiter innan sitt felt</li> <li>- Etablere rutinar for utvikling av prosjektplanar og implementeringsplanar for innovasjonsprosjekt ultimo haust</li> <li>- Integrere i meriteringsplanar</li> </ul>	<b>Temakoordinator</b>
Vurdere forskargruppestrukturen	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeidet er sett i gang som del av strategiarbeidet og skal fullførast innan utgangen av året</li> </ul>	<b>FoU-leiar/ leiinga</b>
Legge til rette for gjenbruk av eksisterande og framtidige data	<ul style="list-style-type: none"> <li>- FoU-leiar og forskingskoordinator utviklar rutinar for sekundære dataanalysar av senteret sine data. Arbeidet skal vere gjennomført innan utgangen av 2021</li> </ul>	<b>FoU-leiar/ Forsningskoordinator</b>

## Mål 2:

Senteret er ein internasjonalt, attraktiv samarbeidspartnar for forskingspartnarar

<b>Tiltak</b>	<b>Konkretisering</b>	<b>Ansvarleg</b>
Vurdere samansetjing av II-ar stillingar og potensiale/avgrensingar i desse	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere oversikt over gjeldande II-ar kontraktar</li> <li>- Utvikle langtidsplan for bruk av II-ar stillingar</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b> Forskargruppeleiarane
Arbeide målretta mot søknad om EU-finansiert prosjekt saman med internasjonale samarbeidspartnarar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Identifisere aktuelle tematiske område for EU-søknad</li> <li>- Identifisere ein EU-søknadsansvarleg blant professorane</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b> Forskargruppeleiarane
Nytte og bidra til Filiorum som del av senteret i vidare kompetanseutvikling og internasjonalisering	<ul style="list-style-type: none"> <li>- To møte i året mellom FoU-leiar og barnehagegruppa for informasjon og konkret planlegging år for år</li> <li>- Koordinere tema for senteret si seminarrekke med eventuelle tematiske relevante seminar i Filiorum</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b> Forskargruppeleiarane
Ha målretta internasjonal nettverksbygging med sentrale forskingsmiljø innan senteret sine tematiske satsingsområde	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere oversikt over internasjonalisering og planar for internasjonaliseringstiltak</li> <li>- Identifisere nye internasjonaliseringstiltak</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b> Forskargruppeleiarane
Auke i mobilitet vesentleg blant forskarar, minimum eitt lengre opphald (min. 3 månadar) pr år. (vikarstipend, eksterne søknadar osv.)	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Legge langtidsplan (3-5 år) for mobilitet både for stipendiatar og fast tilsette</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b>
Auke sampublisering med internasjonale forskingspartnarar vesentleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere oversikt over planar og følgje opp desse når det gjeld publisering</li> </ul>	<b>Forskargruppeleiarane</b>

**Mål 3:**

Senteret held oppe produksjonen minimum på UiS sitt måltal pr. år., og aukar talet vitskapelege artiklar i høgt rangerte internasjonale tidsskrift (nivå 2)/høg impact-factor

<b>Tiltak</b>	<b>Konkretisering</b>	<b>Ansvarleg</b>
Individuelle treårige FoU-planar for tilsette med FoU-tid	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Informasjon og drøfting i FoU-utvalet</li> <li>- Planar for FoU-ressursar for den einkilde tilsette tilgjengeleg for forskargruppeleiar / temakoordinator og FoU-leiar</li> </ul>	<b>Leiinga</b> FoU -leiar Forskargruppeleiarar Temakoordinatorar
Alle tilsette med FoU-tid publiserer i nasjonale og internasjonale vitskapelege tidsskrift og bøker som gjev publikasjonspoeng	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvikling av publiseringsplanar og følgje opp desse i alle forskargrupper</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b>
Tilsette med ph.d. har eit særskild ansvar for å publisere på nivå 2 / høg impact-factor	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvikling av oversikt over publikasjonar under arbeid, og at ein følgjer opp desse oversiktene i alle forskargrupper</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b>
Vidareføre SEM-Circle og Brown Bag- seminar - evaluerer i 2021	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvikle plandokument for vidareføring som vert send på høyring i forskargruppene. Evaluering SEM-Circle og Brown Bag.</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b>
Regelmessige (1-2 pr. semester) forskingsseminar med vekt på forskingsdesign og metodologi	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeide plan for seminar 2021-2022 med tema og tidspunkt</li> <li>- Koordinere seminara Sem-Circle og kvalitative seminar</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b> Forskargruppeleiarane
Ha målretta kompetanseutvikling av einskildtilsette innan forskingsmetode	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvikle plan for kompetanseutvikling og identifisere einskildtilsette som kan inngå i planen</li> <li>- SEM-circle gruppa deltek kollektivt på grunnleggande multinivå kurs og følgjer opp dette i seminar våren 2021</li> </ul>	<b>FoU-leiar</b> Leiinga
Auke senteret sin kompetanse innan statistisk metode	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Senteret gjennomfører månadlege seminar med fokus på statistiske analysar (SEM-circle). Senteret medverkar til det månadlege seminaret Kvantitativ forum i regi av Lesesenteret og Læringsmiljøsementer.</li> <li>- Senteret er aktivt deltakande i Synapse Lab gjennom prosjekta Resilient, Selma og Interact.</li> </ul>	<b>Leiinga</b> FoU-leiar
Forskinga skal kome praksisfeltet til gode gjennom å auke omfanget av opa publisering av vitskapelege artiklar og gjennom samarbeid med relevante brukarar av forskingsresultat	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Invitere biblioteket til å informere om ulike typar opa publisering og biblioteket si støtte til publisering og utvikling av datahanderingsplanar</li> <li>- Senteret vidareutviklar planar for gjenbruk av data</li> </ul>	<b>Forskargruppeleiarane</b> Temakoordinatorar Vitskapeleg tilsette Forskingskoordinator



## Utdanning

### Mål 1:

Senteret bidreg aktivt med å utvikle det interne utdanningstilbudet på fakultetsnivå ved UIS

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
Bidra med betre samarbeid og digitalisering av utdanningstilbud internt på fakultetet i grunnutdanningane (IGIS, IBU, IKS)	<ul style="list-style-type: none"><li>– Utdanningsleiar er medlem av studieprogramutvalet (SPU) ved fakultetet.</li><li>– Tilsette samarbeider meir med tilsette på IGIS, IBU, IKS om digitalisering av undervisinga</li></ul>	<b>Utdanningsleiar</b> Tilsette
Bidra på Ph.d.-program med forskningsbasert kompetanse	<ul style="list-style-type: none"><li>– Ph.d.-kurs (5 stp.) om systematiske videoobservasjonar</li><li>– Ph.d.-kurs innan implementering</li></ul>	<b>Utdanningsleiar</b> FoU-leiar Tilsette
Nytte nyare forskning og betre praksisnærleiken i våre modular (MSP 300, MSP303, MSP320 og MSP325)	<ul style="list-style-type: none"><li>– Emneansvarlege held seg oppdatert om ny og relevant forskning og kunnskap generert frå praksisrelaterte prosjekt (oppdrag). Denne kunnskapen vert tilbydd studentane av tilsette ved senteret. Merk nye kurskoder på grunn av ny master i spesialpedagogikk.</li></ul>	<b>Emneansvarleg</b>
Følgje opp dei nye fakultære retningslinene for samarbeid mellom institutt og senter	<ul style="list-style-type: none"><li>– Etablere dei naudsynte interne strukturane som må til for å følgje opp tiltaket.</li><li>– Bidra aktivt inn i til dømes årleg workshop.</li></ul>	<b>Leiinga</b> Utdanningsleiar
Halde fram utgreiing av behovet for ein master i pedagogisk psykologi som del av ein fakultær pedagogisk master	<ul style="list-style-type: none"><li>– Delta aktivt i arbeidsgruppe som er sett ned av dekanen</li></ul>	<b>Leiinga</b> Utdanningsleiar
Greie ut for mogleg etablering av ein master i psykologi på SV-fakultetet	<ul style="list-style-type: none"><li>– Delta aktivt i arbeidsgruppe som er nedsett og som førebur søknad om utgreiingstillating til rektor</li></ul>	<b>Leiinga</b>

### Mål 2:

Senteret utviklar og tilbyr 8 forskningsbaserte utdanningar eksternt

Tiltak	Konkretisering	Ansvarleg
“Lekbasert læring for de eldste i barnehagen - en digitalisert studie” (15 stp.)	<ul style="list-style-type: none"><li>– Pulje to byrjar hausten 2021</li></ul>	<b>Emneansvarleg</b>
Aktivitetsskulepedagogikk (60 stp.)	<ul style="list-style-type: none"><li>– Pulje to byrjar hausten 2021</li></ul>	<b>Emneansvarleg</b>
Vidareutdanning for skuleleiarar om skulemiljø, mobbing og andre krenkingar (15 stp.)	<ul style="list-style-type: none"><li>– Pulje tre er i gang og vert avslutta våren 2021. Pulje fire byrjar hausten 2021. Desentralisert lokalisering i Trondheim.</li></ul>	<b>Emneansvarleg</b>
“Klasseledelse og læringsfremmende	<ul style="list-style-type: none"><li>– Utdanninga vert vidareført skuleåret 2021/2022. Studiet vil no vere tilpassa</li></ul>	<b>Emneansvarleg</b>

relasjoner i videregående opplæring” (30 stp.)	lærarane på alle trinn og vert lyst ut til andre enn den opphavlege målgruppa som var lærarar i vidaregåande skule i Rogaland.	
Nytt mobbeemne “Mobbing- forebygging og håndtering I skole og barnehage” 15 stp.	– Samanslåing av Mobbeombudemnet og ES597 Prevention and intervention of bullying in learning environments. Oppstart hausten 2021.	<b>Emneansvarleg</b> Kommunikasjon
Emne i pedagogisk psykologi	– Tilby eit 10 stp. emne i pedagogisk psykologi på bachelor i psykologi. Ligg hjå SV fakultetet, men overførast til senteret i samband med emne- og programrevisjonen hausten 21.	<b>Emneansvarleg</b> Administrasjon
Utvikle to nye vidareutdanningar	– Vidareutdanning knytt til intervensjonen Robust – Førebuing for ei mogleg grunnutdanning innan aktivitetsskulepedagogikk	<b>Emneansvarleg</b> Leiinga